



Notat

Dato: 03.02.2015
Arkivsak: 2014/23786-3
Saksbehandlar: nilgrud

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Trafikktryggleik for born i Ringheimsvegen på Voss - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet

På møte i samferdselsutvalet 12.11.14 stilte representanten Iril Schau Johansen (H) følgjande spørsmål:

«Mange born nyttar Ringheimsvegen samstundes med at den er tungt trafikkert, noko som skapar farlege situasjonar. Kan det etablerast fotgjengarfelt ?»

Samferdselsavdelinga sendte spørsmålet over til Statens vegvesen for vidare sakshandsaming i brev av 25.11.14. Det ligg no føre svar frå Statens vegvesen i brev av 12.01.15.

I brevet frå Statens vegvesen går det fram at utbetring av kryssing av Ringheimsvegen ved kryss til Sivlevegen låg inne i byggeprogrammet for 2014. Avtale med entreprenør vart inngått hausten 2014, og skulle vore utført før jul. Men grunna snø og frost måtte prosjektet utsettast til våren 2015.